



M Ø R E O G R O M S D A L B O N D E  
O G S M Å B R U K A R L A G

*Årsmøte & konferanse, Molde 7.-8.mars 2014*



## ÅRSMELDING 2013

REKNESKAP 2013

Rapportar, uttalar, pressemeldingar

Kontaktliste

---

Møre og Romsdal Bonde og Småbrukarlag

• styreleiar Øystein Ormbostad 90627786 • fylkessekretær Ingvild Hansen Nystad 92820034 •

[www.smabrukarlaget.no](http://www.smabrukarlaget.no)



M Ø R E O G R O M S D A L B O N D E  
O G S M Å B R U K A R L A G

*Årsmøte & konferanse, Molde 7.-8.mars 2014*

## Innhald

- I Fylkesstyret MRBS 2013. Arbeidsrapport
- II Årsmøtet MRBS 2013. Protokoll
- III Uttalar MRBS
- IV Pressemeldingar og lesarinnlegg
- V Referat frå studietur
- VI Helsing frå fylkesleiar
- VII Lokallag. Adr liste
- VIII Rekneskap 2013

# 1. Aktivitetsrapport MRBS 2013

Møre og Romsdal Bonde og Småbrukarlag sitt fylkesstyre har hatt denne samansettinga sidan forrige fylkesårsmøte:

Leiar: Øystein Ormbostad, Tustna

Nestleiar: Stein A. Brubæk, Angvik

Styremedlemmar: Jorunn Karin Kvernen, Frei, Ragnhild Godal Tunheim, Valsøyfjord

Bent Konrad Moen, Elnesvågen

1. vara Eli Kristin Aalbu Sæther, Gjemnes

2. vara Åshild Havåg Bergset, Eiksund

3. vara Kristin Sørheim, Torjulvågen

4. vara Einar Botten, Valsøybotn

5. vara Liv Nordli Hole, Straumgjerde

Lokallags/studiekontakt : Jorunn Karin Kvernen

HMS-kontakt : Bent Konrad Moen

Fylkessekretær: Ingvild Hansen Nystad, Norddal.

## Møteaktivitet

Styret har halde seks styremøte, og handsama 48 saker i løpet av denne perioden.

I tillegg har MRBS vore representert på landsmøte, fylkesleiarsamlingar, jubileumssamling, kurs og representantskapsmøte i regi av NBS.

På landsmøtet fekk MRBS sitt forslag til lovendring fullt gjennomslag, ei endring som likestiller Internasjonalt Utval med andre utval i NBS, med tale- og forslagsrett.

Styret har arbeidd med RMP-høyringa med fokus på bl a driftsvansketillegg, og reagert på Listhaug si høyring om prisregulering.

Refusjon av kontingent har vore ei viktig økonomisk sak for MRBS i år, då det er klart frå NBS sentralt at verken fylkes- eller lokallag får refundert kontingent frå medlemmar i såkalla sovande lokallag.

Fylkeslaget har også arrangert seminar i samarbeid med NBS i prioriterte prosjekt.

Fylkesårsmøtet fokuserte på klima og lokalmat.

I mars var MRBS medarrangørar til kvinneseminaret i Molde.

Klima og lokalmat var også i fokus under seminaret i Norddal i november. Her fekk deltakarane gleda av å dele helga med leiar Merete Furuberg, blant andre.

Nestleiar har deltatt på møte med Surnadal, Rindal og Rauma BS. Det vart gitt foredrag om setring og seterpolitikk i Tyrol, halde årsmøte, og diskutert korleis drifta kan leggst opp for å sikre kontinuitet. Det er også gitt foredrag til Gjemnes og Tingvoll BS med same tema.

Elles er MRBS medarbeidarar i ulike råd og utval, til dømes M&R Landbrukselskap, Landbrukets HMS- teneste, representasjon i prosjektet "Fortsatt gardsdrift" (M&R Bondelag), i arbeidsgruppa for utvikling av kompetansesenteret på Gjermundnes, i beiteprosjektgruppe, I kulturlandskapsgruppe, og i fagleg rådgjevande utval for Reinheimen. Styremedlem Jorunn K Kvernen er dessutan med i NBS sitt Inn på tunet-utval.



Politikardebatt på fylkesårsmøtet.



Merete Furuberg gjesta oss både i Gjemnes og Norddal i 2013



Klima- eit aktuelt emne i 2013, her ved Arnar Lyche på fylkesårsmøtet.

## NBS 100 år

Fleire av arrangementa fylkesstyret har delteke i og arrangert har bore preg av 100-årsjubileet som NBS feirer i år. Dyregoddagane i Gjemnes, seminar og andre arrangement har dreia seg om fortid og framtid til Bonde og Småbrukarlaget. Dyregoddagane vart ekstra staseleg markert gjennom gjesting av leiar Merete Furuberg, som profilerte saka godt i ulike roller. Gjemnes BS og fylkesstyret synte fram Bonde og Småbrukarlags-perspektiv gjennom felles stand, tidslinje, fotos, kaffikrok og medlemsverving. MRBS har også vore representert på Jubileumssamling på Eidsvoll og landsmøte på Lillehammer. Smakebitar frå lokalmat i fylket vart presentert på stands.

## Media

Uttalane frå fylkesårsmøtet vart tatt godt mot i media. Ekstra merksemd fekk saka om landbrukspolitikkk som medvirkande årsak til sviktande dyrevelferd. MRBS har fått relativt mange presseoppslag i 2013, både rundt Merete Furuberg sine Møre og Romsdal-besøk, Dyregoddagane, seminar og arrangement. Innlegg om Bygdekvinne dagen, Internasjonal småbrukardag, verdas matdag, setertur og ”avviklingsministeren” har fått plass i både lokale og nasjonale media. Heimesida til fylkeslaget har fått nokre oppdateringar.

## Studietur

MRBS arrangerte studietur til Tyrol i september, der Stein A Brubæk var kjentmann og reiseleiar. Kunnskapen om korleis ein kan drive alternativ politikk rundt setring, landbruk og lokalmat gjorde inntrykk. (Sjå eigen rapport frå dette)

## Verving og purring

Mrbs har pr i dag 407 medlemmar.

Norsk Bonde- og Småbrukarlag har mint fylkeslaga på jobben med verving og purring på medlemskontingent undervegs- og Møre og Romsdal BS er framleis eit fylkeslag med svært god innbetalingsprosent!

Samstundes har fylket fleire ”sovande” lokallag, der det har vore gjort stadige vekkingforsøk.

Tingvoll og Gjemnes BS har kome til løysinga samanslåing. Same løysinga har

Herøy/Sande/Ulstein saman med Ørsta/Volda BS arbeidd med. Fleire andre lag jobbar med same saka.

Stranda BS ser ut til å kome i gang att sjølvstendig, medan Haram BS har lagt ned lokallaget.

Medlemmane her har no gått over til direkte medlemskap i NBS.

Bonde- og småbrukarmedlemmar er nok ei pressa gruppe på tid – men uttrykkjer heldigvis uansett ofte engasjement for saka. Om aktiviteten kan vere laber til tider, kan det vere godt å ha lokallag og enkeltmedlemmar «i beredskap».

## Fylkesårsmøte i Bonde- og småbrukarlaget 2013

Ordstyrar: Geir Hauge

Skrivar: Liv Hole

Underskrivar: Hanne Marit Dyrnes og Ellen Inger Solli Enge

Redaksjonsnemnd: Gudveig Berge, Eli Sæther og Bent Moen

Årsmøtetale av Øystein Ombostad- opplyste kvifor det ikkje hadde vore sendt ut årsmelding. Den skulle bli publisert på småbrukarlaget sin nettside. Dette for å spare pengar. Ingvild og Jorunn fekk ros for den jobben dei hadde gjort det siste året.

Målet for laget er å bruke nettsida aktivt, legge ut nyheiter, slik at dette blei ei levande side.

Fylket hadde fått ros for at ein stor del av medlemmane hadde betalt inn kontingent. (sjå årsmelding)

Modulf Aukan- snakket om 100 års jubileet til bonde- og småbrukarlaget i 2013. Det blir ei markering 21.juni 2013 og på landsmøte 23-25 august på Lillehammer.

Stein Brubæk kom med forslag til redaksjonsnemnda: matsikkerhet, respekt for matjords vår og forby GMO

Modulf Aukan: Dyrevelferdstragedier, eit rop om hjelp

Jorunn Kvernen: Velferdsordninger. Dette må på plass, kven vil overta når dette er så dårleg.

Eli Sæther: Om GMO

Sundag 10.02.13

Gudveig Berge gjekk gjennom dei sakane som redaksjonsnemnda hadde fått inn.

- **Dyrevelferdstragedier, eit rop om hjelp?**

Igjen har mediebialetet vore prega av dyretragedier, der menneskeleg sjukdom/ fortvilning får fatale utslag.

Årsmøte i Møre og Romsdal Bonde – og Småbrukarlag ser med stor uro på denne utviklinga.

Bønder flest har stor omsorg for dyra sine, og vil at kyr, sauer og andre husdyr skal ha god velferd.

Ein stadig tøffare kvardag både arbeidsmessig og økonomisk kan i einskilde tilfelle slå ut i fysisk eller psykisk sjukdom hos bonden. Bråe endringar i familieforhold kan også gi same utslag, slik at dyrestellet kan gå over styr. På grunn av den gjeldande landbrukspolitikken og den økonomiske situasjonen i landbruket. Dette medfører ofte ein hardare arbeidsdag der kun ein person har det daglege ansvaret for dyrestellet og velferd. Difor kan dyretragediar utvikle seg over tid utan ar det vert oppdaga.

Norges Bonde- og Småbrukarlag, saman med Bondelaget og Mattilsynet skal i nær framtid møtast om temaet.

- **Genemodifiserte organismer.**

- **Jordvern**

Kun 3% av total arealet i Norge er dyrka og brukt til matproduksjon. Dette vert ofte sett under press til infrastruktur og utviding av bustadområde m.m.

- **Økonomiske situasjonen til bonden - forpliktande opptrappingsplan.** Sak frå Stein Brubæk.

- **Velferdsordninger til bonden.** Saken vert oversendt til lokallaga

- **Odelseigarar av landbrukseigendom- loveleg råderett av eigendom.** Saka oversendt styret til vidare handsaming

Dei sakane som skal ut til pressen oversendast til Sunnmørsposten, NRK-Møre og Romsdal, Nationen.

Øystein Ormbostad gjekk i gjennom årsmeldinga frå fylkeslaget. Brukt mykje tid på den nye landbruksmeldinga.

Stein Brubæk brukt også mykje tid på RMP, regional miljøplan, flytting av pengar frå bonden til dei store aktørane.

Bruk av midlar til distriktslandbruket

Lokalmat.

### Årsrekneskapet for Møre og Romsdal.

Ingvild Nystad fortalte om kven som no fører rekneskapet for oss, tidlegare rekneskapsfører for småbrukarlaget – Grethe Ludviksen. Dette har medført at ein har fått hjelp til finne løysningar på å spare pengar.

Fylkessekretæren har dei siste månadene ikkje teke ut lønn, grunna dårleg økonomi. Må finne midlar til dekke dei kostnader dei har - søke om prosjektmidlar. Stein informerte om midlar som er søkt på til fylket. Dårlig samvit, gir ikkje meir pengar til disposisjon, sa Ingvild Nystad  
8170 Annen finanskostnad Kva er det? - bankkostnader.

**Møteplan:** møte der ein har råd til.

Styremøte annakvar måned på tysdagar i Molde.

Markering av 100 års jubileet i Møre og Romsdal under Dyregodagane 30.08-01.09.13

### Budsjett 2013

Øystein gjekk gjennom forslag til budsjett for 2013.

Audun Kvalsvik stilte spørsmål om kvifor det er sett opp mindre refusjon på medlemmer for 2013 i forhold til 2012.

Leif Løvold. Tøft budsjett. Kva med pengar til jubileumsmarkeringa? Pengar inn og ut i forhold til dette er ikkje tatt med. Ingvild svarte med at dei 4 bærebjelkane som kan søkast på i høve jubileet må brukast. Mindre utgifter fordi ein henger seg på Dyregodagane. Årsmøte søker om midler i forhold avholdte årsmøte. Fylkesstyret har ikkje fått dekt utgifter til å reise på landsmøte, dette har gått fordi dei ofte har representert lokallag.

**Søtte til lokallag,** må vise til utgifter må vere dokumentert. Sende inn plan på forhånd for godkjenning, legg til timer for planlegging også.

### Val

Opprop og registrering av kven som er tilstedet, 13 stk. har stemmerett under valet.

Leiar: Øystein Ormbostad - gjenval for 1 år

Styremedlem: Jorunn Kvernen - for 2 år

Bent Konrad Moen- for 2 år

Varamedlem -for 1 år:

Eli Sæther

Åshild Havåg Bergeth

Kristin Sørheim

Einar Botten

Liv Nordli Hole

Revisor- for 1 år:

Mildrid Fiske

Oddbjørn Reiten

Desse vart valt utan motkandidater. Fylkesårsmøte kom med forslag på nye i valnemnda

Valnemnd:.

Gudveig Berge – for 3 år

Sigmund Moen Trønsdal- for 1 år , leiar i valnemnd (var ikkje på val)

Margrethe Silset- for 2 år (går inn for Olav Bjølstad)

Ingvild Nystad fekk blommar frå styret. Ho gjekk ut for tre år sidan og har ikkje fått blommar for dette før no. Øystein takka for tilliten og for eit godt årsmøte. Politikkarane fekk noko å tenke på ved dei spørsmåla dei fekk.

Årsmøte slutta med trekking av loddbøker (kom inn kr. 2370)

## UTTALAR FRÅ MØRE OG ROMSDAL BONDE OG SMÅBRUKARLAG Fylkesårsmøtet Ålesund 9.-10.februar 2013

### UTTALE I

#### DYREVELFERDSTRAGEDIER – EIT ROP OM HJELP?

Igjen har mediebildet vore prega av dyretragedier, der menneskeleg sjukdom/fortvilning får fatale utslag.

Årsmøtet i Møre og Romsdal Bonde og Småbrukarlag ser med stor uro på denne utviklinga.

Bønder flest har stor omsorg for dyra sine, og vil at kyr, sauer og andre husdyr skal ha god velferd. Ein stadig tøffare kvardag, både arbeidsmessig og økonomisk, kan i einiskilde tilfelle slå ut i fysisk og psykisk sjukdom hos bonden. Bråe endringar i familieforhold kan også gi same utslag, slik at dyrestellet kan gå over styr.

På grunn av den gjeldande landbrukspolitikken har besetningane vorte mykje større.

Dette medfører ofte ein hardare arbeidsdag, der kun ein person har det daglege ansvaret for dyrestell og velferd. Derfor kan dyretragedier utvikle seg over tid utan at det vert oppdaga.

Den økonomiske situasjonen i landbruket ligg altså oftast i botn for tragediene.

Norsk Bonde og Småbrukarlag, saman med Bondelaget og Mattilsynet, skal i nær framtid møtast om temaet.

### UTTALE II

#### LOVFEST VERN AV MATJORD!

Kun 3 prosent av totalarealet i Norge er dyrka og brukt til matproduksjon. Denne vesle prosentdelen vert ofte sett under press til infrastruktur og utviding av bustadområde mm. Skal vi auke matproduksjonen med 1 % årleg, som vedteke i den nye landbruksmeldinga ”Velkommen til bords”, treng vi all dyrka og dyrkbar jord i landet.

Kommunepolitikarane må bli meir medvitne på ansvaret dei har fått med å ta vare på grunnlaget for matproduksjon i framtida.

Det ligg føre eit forslag om å grunnlovfeste vern av matjord. Dette sluttar Møre og Romsdal Bonde og Småbrukarlaget seg til.

### UTTALE III

#### VI KREVER EN FORPLIKTENDE OPPTRAPPINGSPLAN FOR BONDENS INNTEKTER.....NÅ

Fylkesårsmøtet i Møre og Romsdal Bonde- og Småbrukarlag krever av Regjeringen en forpliktende opptrappingsplan for inntektene til bonden ved årets landbruksoppgjør før vi vil anbefale våre medlemmer å støtte den rød-grønne regjeringa.

Avviklinga av landbruket i Norge har pågått gjennom de siste 20-30 åra.

Strukturendringene har resultert i at stadig mer dyrkajord blir lagt brakk, beiter blir mindre brukt samtidig som stadig større andel av for til dyra våre hentes fra fattige land på et internasjonalt marked.

Det landbruket som øker i Norge er ikke et bærekraftig landbruk, men et landbruk som påfører miljøet økte problemer gjennom økt transport, nitrogentap gjennom overgjødning og redusert jordkvalitet ved bruk av for store maskiner.

Stadig flere forbrukere stiller etiske krav til matproduksjonen, og dette harmonerer ikke med hvordan maten vår produseres i dag i svine- og fjørfe-fabrikker, samt at stadig flere av kyrne våre heller ikke kommer ut på beite. Det stilles økende spørsmål med matkvaliteten når råvarene ikke er naturlige beiter, men soya og mais som er transportert halve jordkloden.

Denne utviklingen har ikke gitt bonden forventet inntektsøkning men derimot gjort mange bønder til gjelds-slaver samtidig som inntektsgapet til sammenlignbare grupper ikke er redusert.

Vi krever en snuoperasjon ved årets jordbruksforhandlinger! Vi krever en garanti fra sittende regjering om at bønder skal få en inntekt på samme nivå som en industriarbeider i løpet av neste stortingsperiode. Vi aksepterer ikke skremselspropaganda om at et annet regjeringsalternativ bare er til det verre. Utviklingen de siste 20-30 åra viser at dette ikke er sant siden avviklingen av norsk landbruk har foregått jevnt i hele perioden med forskjellige regjeringer.

Landbruket har kommet til et kritisk veiskille. Uten en ny retning er det ingen grunn å motivere for å fortsette eller nye bønder å ta over, men heller en grunn for å benytte arbeidsmarkedet med gode lønns- og arbeidsvilkår til å utvikle driften og norsk matproduksjon. Vi håper at både at dette Stortinget og alle som har hatt dette ansvaret i de siste 20-30 åra er klar til å ta ansvaret for å ha avviklet norsk matproduksjon og matsikkerhet.

#### UTTALE IV

##### GENMODIFISERTE ORGANISMER (GMO)

Agroindustrielle selskap som Monsanto bruker ikke føre-var-prinsippet, men skyver verdens sultende barn foran seg i jakten på økt profitt.

Etter hvert avdekkes flere og flere tilfeller av utilsiktede virkninger av genmodifiserte organismer. Den forventede økning av avling har uteblitt, og det trengs stadig mer sprøytemiddel for å hindre oppblomstring av resistente ugrassorter.

Ved naturlig utvalg har det vist seg at en kan oppnå større andelsmessig framgang enn ved bruk av genmodifisering.

Norges strenge lovgivning mot genmodifiserte organismer må beholdes!

Ålesund 10. feb. 13



## Pressemeldingar



### **Småbrukerkvinnene brødfør verden!**

**Denne uka markeres den internasjonale bygdekvinne dagen. Det er grunn til å trekke fram den viktige og ikke minst ansvarlige rolla bygdekvinner har i dagens og framtidens matproduksjon.**

Visste du at bygdekvinner verden over:

- Utgjør en fjerdedel av verdens befolkning.
- Står for en stor del av verdens matproduksjon i dag, der nærmere 70 % er utført av småbrukere (jf Utviklingsfondet).
- Spiller en avgjørende rolle i de to viktigste utfordringene verden står over for: befolkningsveksten og klimautfordringene.
- Er representanter for et klimavennlig landbruk og lokalt produsert mat.
- Er avgjørende part i utformingen av framtidens ansvarlige og bærekraftige landbruk.
- Bør ha en naturlig og offensiv rolle i alle verdens bondeorganisasjoner og andre fora der framtidens landbruk diskuteres.

**I forbindelse med Verdens bygdekvinne dag den 15. oktober,  
ved Møre og Romsdal bonde- og småbrukarlag.**

## EN MINISTER FOR OPTIMISME?

Vår nye landbruksminister, Sylvi Listhaug, ønsker å gjenskape optimismen i landbruket. Da er det kanskje ikke det beste signalet å gi fra ei odelsjente at hun IKKE vil ta over gården selv?

Men siden det første hun signaliserte var at hun vil fjerne priskontroll ved salg av landbrukseiendommer og boplikt, så faller brikkene på plass! Gården skal selges og hun vil dra ut av markedet det som er mulig å få ut. En priskontroll har som funksjon at en ny eier ikke skal investere mer enn det som gården kan forsvare økonomisk. Kombinert med bortfall av boplikten kan det bli mange gårdsbruk som blir solgt til fritidsboliger til kapitalsterke kjøpere eller firmaer som ønsker et ferietilbud til direktører og forretningsforbindelser, gjerne knyttet opp til jakt- og fiskeretter. Det er ikke mange unge og entusiastiske bønder som kan konkurrere på det markedet. Møre og Romsdal har mange små gårdsbruk som står ledige. Idag er det opp til kommunene å praktisere bo – og driveplikten slik at disse kan komme ut på salg. Norsk Bonde- og Småbrukarlag er kjent med mange unge som gjerne vil bli bønder. De er kreative og ser mulighet å gjøre en næring ut av selv små arealer. Å få drift på disse bruka vil være en stor ressurs for bygdene, små kommuner og ikke minst kulturlandskapet. Strukturendringene til stadig færre men større bruk kan likevel ikke fortsette. Disse bruka baserer drifta på importerte innsatsfaktorer og det vil ikke i fremtida bli tolerert at et rikt land som Norge suger ut ressurser fra fattige land istedet for å bruke sine egne. Skal norske beiterressurser brukes må dyretallet spres og det vil bli plass for mange flere gårdsbruk.

Til de som mener dette er en gammeldags måte å drive landbruk på så anbefaler jeg å se til Tyrol i Østerrike som har 8 kuer i gjennomsnitt. Knapt finnes et land i Europa med et mer moderne landbruk, en mer bærekraftig matproduksjon og kulturlandskap som gir grunnlag for verdiskaping innen reiselivet.

Norsk Bonde- og Småbrukarlag vil sloss mot endringer som hindrer at det blir liv på flere gårdsbruk rundt om i landet vårt. Til det treng vi hjelp fra alle som er på utkikk etter et liv i landbruket. Bli med oss.....bli medlem.

Stein Brubæk og Eli Aalbu Sæther

Fylkesstyremedlemmer i Møre og Romsdal Bonde- og Småbrukarlag

## VERDENS MATDAG – 16.OKTOBER

Den 16.oktober er valgt som verdens matdag, stiftet av FN i 1979. Med svimlende 870.mill mennesker kronisk underernærte er det et stort behov for å ha en slik dag.

Det norske Stortinget har vedtatt at vi skal øke vår matproduksjon på norske ressurser i takt med økningen i befolkningen i landet vårt, dvs 1 % årlig. Idag er vi under 40 % selvberga med mat. Vi importerer like mange forenheter som vi har liggende urørte i utmarka vår.....samtidig som hele nasjonen roper om gjengroing. Vi legger beslag på omlag like mye areal i utlandet som vi produserer korn på her i Norge. Norge er på lik linje med andre vestlige land en økonomisk imperialist.

Dette skjer samtidig som FN's matorganisasjon, FAO, gir ut en rapport som viser at selv om investeringer i landbrukssektoren i utviklingsland øker, så viser investorene liten respekt for menneskerettigheter og lokal medbestemmelse. Lokalsamfunn er truet av utenlandske spekulanters interesse for matjord og vannressurser. Småbønder og jordløse blir fordrevet fra joda si, uten noen form for kompensasjon, til et liv enten med slavekontrakter eller i slummen.

Bare 3 % av den norske landjorda er dyrkbar. Resten er i stor grad beiter. Skal derfor Norge øke sin matproduksjon på egne ressurser må drøvtyggere som ku, sau og geit finne sitt for fra utmarka og IKKE fra kraftfor som i stor grad er importerte ressuser i form av soya og mais. Men stadig mindre del av husdyra våre beiter i utmarka. Strukturendringer til 22 kyr på gjennomsnittsbruket, samdriftsfjøs og melkeroboter er vesentlige årsaker. Politikkere fremstiller utviklinga som uunngåelig.

Norsk Bonde- og Småbrukarlag påstår at utviklinga er valgt og politisk styrt. Vi har i tillegg en verktøykasse som er stor nok til å endre denne politikken. Dersom man ser til andre land som vi kan sammenligne oss med, f.eks. Tyrol, i Østerrike, så har de en gjennomsnittsbetsetning på 8 melkekyr. 80 % av bøndene i Tyrol har dyra sine på fjellbeiter. 58 % av melkekyrne og 62 % av alle ungdyr/kjøttfe går på fjellbeiter. Resultatet er et kulturlandskap som gjør at Tyrol har 35% (43 mill) av overnattinger i turistindustrien. Dette genererer en stor verdiskaping. I tillegg gir fjellbeiter sunnere matprodukter og en merkavare som utnyttes. Dette viser at det finnes et alternativ som resulterer i økt verdiskaping også ellers i samfunnet.

Siden den blå-blå regjeringen tiltrer på samme dag som verdens matdag er det en god anledning til å kommentere den politiske plattformen de har lagt til muligheten for å oppfylle de vedtatte måla til Stortinget om økt matproduksjon i Norge på norske ressurser.

Et hovedmål for den nye regjeringen er å fjerne konsesjonsgrensener (svin og fjørfe) og kvoter (melkeproduksjon). Dermed skjer det motsatte av å produsere mat på norske ressurser.

De kraftforkrevde produksjoner baserer seg i hovedsak på importerte for-ressurser. En ku av gammel norsk rase kan produsere minst 3000 liter i året kun med å bruke beiter og godt grovfor. Dersom ytelsen skal økes til 6000 liter, kreves en ku som i liten grad er egnet til å beite i norsk utmark, samtidig som det kreves 30 % importerte forressuser (prof. O.M. Harstad). Dersom ytelsen skal være 10.000 liter kreves 50% importerte ressurser. Svært få melkebruk av en viss størrelse bruker beiter; ihvertfall ikke utmarksbeiter. Melkeroboten har ytterligere redusert bruken av beiting. Vi som praktiserer beiteing vet hvor krevende det er når buskapen er for stor.

De måla som den nye regjeringen har satt seg vil derfor gjøre Norge mer avhenging av import og internasjonalt industrilandbruk. FAO sin rapport advarer nettopp mot denne typen landbruk som baserer seg på monokulturer, landran, overforbruk av vannressurser, GMO og kjemikalier. Har ikke fjorårets mange matskandaler bevist nok at matindustrien ikke har som mål å produsere sunn og trygg mat! Matindustriens hovedmål er å sørge for at innskutt kapital får avkastning og naturen og forbrukeren betaler regninga.

På verdens matdag får derfor Norge en regjering som vil basere norsk matproduksjon på mer import, bidra til at vi får mindre sunn mat, mindre kulturlandskap, i tillegg til at de støtter opp om en industri- og handelsnæring som har hovedansvaret for at hver 7. menneske på jorden sulter. Om ikke dette gir noen grunn til å feire den 16. oktober er det i høyeste grad grunn til å markere den.

Angvik 16.oktober 2013

Stein Brubæk

Styreleder

Internasjonalt utvalg

Norsk Bonde- og Småbrukarlag

## 2014 blir FN sitt internasjonale år for familielandbruket

- eit år med landbrukspolitikk som vil gi solid støtte til småskala familielandbruk

FN lanserte nyleg 2014 som det internasjonale året for familielandbruket. Sidan oppstarten i 1993 har den internasjonale småbrukarrørsla La Via Campesina vore den einaste organisasjonen som dagleg har forsvart småskala familielandbruk globalt. Dette arbeidet går føre seg i våre 160 ulike organisasjonar i 79 land, og blir utført av meir enn 200 millionar medlemmer, kvinner og menn. Norsk Bonde- og Småbrukarlag er stolte av å ha vore medlem sidan oppstarten.

La Via Campesina er representert i 18 land i Europa, og våre søsterorganisasjonar er både småbrukarar og landarbeidarar som medlemmer. Alle er organiserte under paraplyen matsuverenitet og småbrukarverdiar, som begge er essensielle for omgrepet familielandbruk.

EU-kommisjonen arrangerer møte 29. november, og det er viktig for oss å minne deltakarane der om nokon viktige fakta: **Små – og middelsstore gardsbruk er framleis den økonomiske og sosiale ryggraden i europeisk landbruk.** Gjennomssnittleg storleik på eit europeisk gardsbruk er 140 m<sup>2</sup>, men meir enn 69 prosent er under 50 m<sup>2</sup>, og berre 2,7 prosent er over 1000 mål. Slik er situasjonen i Europa, den regionen som har mest makt når det handlar om å gjere vedtak som påverkar landbruket i alle land.

Basert på garden sine eigne ressursar og arbeidskapasitet, og ikke berre kapital, er desse gardsbruka tilpassa eit stort mangfald innan naturgitte, sosiale og økonomiske tilhøve. I generasjonar har desse lokalt tilpassa strukturane garantert tryggleik og mangfald av mat for europeiske borgarar. Det er ein verdifull modell basert på sosial, økonomisk og økologisk bærekraft. Målet med dette landbruket er å produsere sunn og lokalt tilpassa mat på eigne ressursar utan å øydelegge for matproduksjonen i andre land. Målet er ikkje matproduksjon som grunnlag for børs og spekulasjonar.

På trass av alle desse gode intensjonane, opplever vi år etter år at politikken blir utforma slik at fleire og fleire av desse gardane ligg aude. Dette blir ofte framstilt som ei naturleg og moderne utvikling, men er dårlig tilpassa dei problema vi står ovanfor i det 21. århundre og den globale krisa som europeiske folk står ovanfor.

Tida er for lengst komen for å relokalisere eit mangfald av landbruksprodukt og innføre retningslinjer basert på prinsippet om matsuverenitet. Småbrukarverdiar og ein sosial bærekraftig jordbruksmodell må oppretthaldast og støttast. Både nye og unge bønder har plass i den landbruksmodellen som Småbrukarlaget og La Via Campesina arbeidar for. I fleire europeiske land vender nå folk seg til landbruket frå fleire kriseråka økonomiske sektorar. Dei kan alle finne ei framtid i landbruket! Enkeltland sin landbrukspolitikk treng solid gjennomgang og endring i tråd med direktiva frå komiteen for World Food Security av FNs Food and Agriculture Organization ( FAO ) .

Eit svært viktig punkt er at alle hygieneforskrifter må vere tilpassa den kvardagen som bønder opplever i produksjon og foredling. Lovgivning som regulerer frø, må støtte bøndene sitt eigarskap og kontroll og ikkje favorisere agroindustrien. Felles for mange land i Europa er også at landbruket treng meir eigna finansiering for småskala gardar enn dagens bygdeutviklingsprogram. Det må også leggjast til rette for nye og meir hensiktsmessige distribusjonskanalar og ikkje minst må marknadane regulerast for å garantere akseptable og stabile prisar. Fleire av våre yrkessøstre og brør i mange land slit også med reell rett til å organisere seg. Det må vere ein sjølkklar rett i alle land. Kollektiv, solidaritetsbasert organisering av småskala familielandbruk bør vere ein sjølvskreven rett over heile verda.

**Det europeiske småbrukarlaget av rørsla La Via Campesina apellerer til dei internasjonale institusjonane, og særleg til EU, om å arbeide samanhengande og systematisk for å definare sin landbrukspolitik. Det internasjonale året for småskala famlililandbruk må ikkje berre bli fine ord som får oss til å gløyme dei svært viktige og kritikkverdige forhandlingane som er undervegs med USA. Den dialogener er me overttydd om vil øydelegge famlililandbruket, inklusiv lovgiving rundt frø, patent, genmodifisering og heile den framtidige felles europeiske landbrukspolitikken.**

**Vi treng alle småbruk!**

Talsperson i La Via Campesina Europa: Geneviève Savigny : + 33 6 25 55 16 87 Talsperson i Norsk Bonde- og Småbrukarlag: Merete Furuberg: + 47 901 63 092

## Erna og Sylvi

Erna Solberg og Høgre har tydelig nok bestemt seg for at landbruk er ikkje noko som passar å drive her til lands lenger. Det vert truleg rekna som altfor dyrt og ein unødvendig og uhøvelig produksjon i eit fjord og fjell land langt mot nord. I ein globalisert verden er det rette å kjøpe det vi treng også av landbruksprodukter frå land som er bedre egna for jordbruk. Dessutan har primærnæringane og bøndene i to høve velta draumen om EU. Best å få dei heilt vekk. Høgre vil jo framleis inn i EU, der dei har sine venner som gjerne vil selge varer og politikk til oss.

Dette må vera forklaringa ,- det er ikkje truverdig at Høgre, eit kremarparti der det finns folk som kan rekne , ikkje skulle skjønne at den landbrukspolitikken dei går inn for nødvendigvis må føre til nedlegging av det meste av det som er att av norsk jordbruk.

Når Erna Solberg i tillegg plukker seg ut ein landbruksminister som har "bein i nasen" som ho sa, og hvistnok ikkje er konfliktsky, så er det klart at Erna meiner alvor. Landbruket skal nedbygges så langt det er råd, og ho har sendt ein tapper krigar i spissen for å stå for likvideringa av landbruket. Slik sett er det bortkasta tid å diskutere landbruk med Høgre. Dei endrar ikkje syn, dei får berre bekrefta at dei er på rett veg, slik dei ser det som mest fornuftig for landet framover.

Fremskrittspartiet skjønar neppe dette likegodt. Det er i allefall klart at landbruksministeren, med dei mange oppsiktvekkande utsagn ho har kome med , ikkje eingong har hatt basiskunnskap om korleis ting heng saman og kvifor vi har dei ordningane vi har.

Dermed kan det hende at Sylvi er oppriktig når ho seier at ho vil ha eit landbruk i heile landet og at det bør bli bedre å vera bonde. Hvis ho då er villig til å ta til seg kunnskap, og får høve til det, så kanskje ho etterkvart vil like si rolle som bygdebøddel mindre, når ho skjønar at det er den rollen ho har fått av Erna. Men det er slik med oss alle at vi helst lytter til dei som meiner det same som oss. Det krever litt å ta til seg informasjon som strir mot eigen ideologi.

Høgre og Frp seier at nedlegginga gjekk for fullt også under dei raudgrønne, med Sp i landbruksdepartementet. Sant nok, og utan kunnskap om historia er det mulig å tru at det ikkje kan bli verre enn det er. Men strukturrasjonalisering har vore ønska politikk i alle år etter krigen, også av SP og Bondelaget. Dei siste åra har dei tildels endra syn på dette ettersom det no er openbart at meir strukturrasjonalisering ikkje fører til lønnsemd for landbruket, men til total nedlegging i stadig større områder. Sjøl om SP no vil dempe nedlegginga for å halde norske jordbruksareal i drift, så har ikkje SP styrt utviklinga. Sjef var statsminister Stoltenberg, saman med finansministeren. Den mektige fløya i AP som langt på veg deler Høgre sitt syn på Jordbruket.

Jordbruksforhandlingane går omtrent slik: Bondeorganisasjonene vert einige om at dei treng, lat oss seie, kr.100 for å ha kostnadsdekning for vidare drift. Etter forhandlingar seier Staten ; greitt ; dokker skal få 50. Godta det, ellers så får dokker berre 25. Så må organisasjonene skrive under avtalen, og på toppen stå fram å seie at dette var ikkje så ille. Men det som da skjer er at enda fleire må ta seg meire arbeid utanom garden og enda fleire må legge ned. Ei anna sak er at støttemidla i for stor grad har vore bruka til å bygge opp store driftbygningar utan tilsvarende grunnlag i brukbart areal. Store fjøs gir ikkje er lønnsemd aleine, utan omsyn til biologi, klima og jordbruksarealens kvaliteter og plassering. Dette landet er lite egna for stordrift . Investeringane må også gå til oppgradering og sikring av jord. Det er jordviddene i landet det er viktig å halde i hevd. Sjølforsyningsgrad basert på importert kraftfor er falsk tryggleik.

Dei som trur at bøndene ikkje effektiviserer og rasjonaliserer fordi dei mottek statsstøtte, må vurdere følgande: Hvis ein næringsdrivande kan ta ut berre halvparten av produksjonskostnaden på prisar, og får t.d. berre halvparten av den resterande underdekning på 50% i støtte, da manglar han altså enda 25 % på å vera i balanse.

Ka gjer han då? Slenger seg på sofaen ?? Nei, han leitar med lys og lykte etter måtar å dekke resten på. Han vil prøve å redusere kostnadane enda meir, leite etter enda meire effektive måtar å drive på, slik at han kan halde drifta oppe eit år til.

Og i alle høve vil han tjene på effektivisering og rasjonalisering, da produktprisen framleis utgjør mykje av inntekta. Når støtta er heilt utilstrekkelig, er effektiviseringspresset stort. Derfor har da også landbruket effektivisert meir enn anna industri i landet. Sanninga er, at når ein tek omsyn til dei ekstremt vanskelige tilhøve vi har i dette landet for å drive jordbruk, med enorme avstandar nord –syd, og mesteparten av dyrkajorda som små teigar i ulendt terreng på øyar, fjordar og fjell, så er norsk jordbruk svært effektivt. Dette er det mange som ikkje forstår.

Spørsmålet er ikkje om ein bonde har kjøpt seg to eller fleire mjølkerobotar som står ledige. Spørsmålet er om han har tilstrekkelig med god nok jord utom fjøset i akseptabel avstand. Ein mjølkerobot skal mjølke mange kyr. Fleire robotar skal mjølke svært mange kyr. Berre eit lite fåtall bønder her i landet kan finne gras og jord nok til slike mengder kyr. Det er også slik at at uregulert auke av produksjonen ikkje gir bedre lønnsemd , men sterkt reduserte prisar. Dermed går også dei store konkurs.

Det er ikkje så mykje meir å hente på effektivisering for storskaladrift. Innerdørs mekanisering kan vi pøse på med overalt. Men utandørs er det verre. Landet har eit klima og ein topografi som ikkje kan endrast. Dermed kan heller ikkje ein landbrukspolitikk som ikkje tar dette innover seg lukkast. Å gå inn for ei “modernisering” som har som føresetnad at landet er billig, flatt og varmt, er i sanning å tenke nytt. Da har nok dei gamle “museums” vokterane eit bedre utgangspunkt: landet har framleis ei geografisk plassering og eit klima som er som det har vore dei siste tusen åra.

Å meine at landet er bedre tjent med å importere dei landbruksprodukt vi treng, er eit standpunkt som er greit nok, men dei som meiner dette, bør vera ærlege nok til å seie det.

Vi andre får argumentere som før for at bruk av norske ressursar på sjø og land no som før er viktig for landets sikkerhet og overlevelsessevne på lang sikt. Det vil koste. Det vert aldri billig å halde landets ressurser og suverenitet i hevd.

Øystein S. Ormbostad, Fylkesleiar, Møre og Romsdal Bonde og Småbrukarlag





## SETERTUR TIL TYROL

Møre og Romsdal BS i samarbeide med FMLA arrangerte i perioden 23.sept til 30. september 2013 en studietur til Tyrol med tema setring og seterpolitikk. Vi skulle bli kjent med Østerrike sin politikk og rammevilkår for setring (Almen), samt se hvordan dette fungerte i praksis. 14 deltakere fra MR samlet seg på Gardermoen til avgang i retning Wien. I Wien var det skifte av fly mot Innsbruck.

Der inntok vi Hotel Sailer på kvelden for en felles middag.

Tirsdag morgen hadde vi et møte med delstatsregjeringen i Tyrol. Vi ble kjent med hvordan setringa fungerte og i hvilke omfang man setrer. Virkemiddelbruken ble gjennomgått likeså organiseringen av både rådgivning og opplæring.

Østerrike har en bredere definisjon av ei seter. All utmarksbeite kalles seter, med eller uten hus, med eller uten melking.

For de fleste setre er turismen svært viktig inntektskilde. Derfor er også bygningsmassen svært utbygd og tilpasset. Dette er mulig siden det er få setre som eies privat. De fleste eies av kommuner eller organisasjoner. En erkjennelse fra vår side er at det er nesten uoverkommelig for en privat setereier å investere så mye i bygninger, enten det gjelder moderne seterfjøs, produksjonslokaler eller bygninger for servering og overnatting til turister. Det presenteres et sammendrag av de foreraga vi fikk på slutten av dette dokumentet.

Onsdag morgen tok vi Nordkettenbahn, fra sentrum i Innsbruck til 2200 m for deretter å gå langs med eggen og ned stupbratte lier i retning av Møslalm. Det var en luftig og strevsom tur. Men turistnettet er svært godt utbygd, og vi nådde frem til setra kl 17.00. Der spiste vi middag og stupte til sengs. Ingen orker å fokusere for mye på at vi alle låg på en felles sovesal...på madrasser. Etter frokost torsdag vandret vi videre nedover dalen, bl.a. gjennom en fantastisk elve-canyon. Fremme ved Sharnitz ventet bussen på oss og vi dro mot Erwald hvor vi tok gondolen opp til Zugspitze, ca. 3000 m høyt. Dette er en gondoltur nesten uten sidestykke. Gondolen tar 50 personer, og det er opp til 1.9 km mellom mastene. Gondolen henger enkelte steder flere hundre meter i lufta. Vel nede igjen dro vi tilbake til Innsbruck og hotellet, noen litt mere rystet enn andre. Fredag satte vi oss på toget for å dra til Galtür. Vi passerte på vei innover dalen et kulturlandskap som Norge bare kan drømme om, men har mye å lære fra. Bruksstruktur, støtteordninger, merkevarebygging, maskinpark.....alt er tilrettelagt for de naturforutsetningne som faktisk ER til stede, og ikke etter en teoretisk betraktning hvordan de burde være. Som en konsekvens av dette er all jorda godt i hevd og vedlikeholdt, det er drift på alle gårdene med 3-8 kyr, litt sauer og geiter, og overalt er det små hoteller. De fleste bøndene er deltidsbønder samtidig som de jobber deler av året i turistindustrien. Det er aktiv setring i 3-4 mnd og setrene samarbeider med reiselivet og tilbyr i hovedsak servering. Buferdsgdagen er en stor begivenhet som skaper liv og røre i landsbyen, og ikke minst utnyttes av reiselivet.

Lørdag deltok vi på det store arrangementet som kalles seterost-olympiaden, et årlig arrangement. Her samles store deler av setrene som lager fjellost fra Italia, Sveits, Tyskland og Østerrike. Smaksprøver deles ut og ost selges og alle står i sine folkedrakter og viser stolt frem sine produkter. Det ypperste av oste-eksperter fra sentral europa smaker seg frem til medaljer, heder og ære for produsentene. Her fant vi også en lokal variant av brunost. Den var laget av myse men tilsatt smør og fløte og sukker. Er skikkelig karamell.

Om kvelden var det dans og folkefest for både ung og gammel. Alle som kunne krype og gå fra setermiljøa i Alpene var samlet til dans og underholdning. Dette var tydeligvis årets store begivenhet og jeg anslår flere tusen være innom dørene til den store idrettshallen i løpet av kvelden. Søndag tok vi igjen buss og tog tilbake til Innsbruck for å dra til flyplassen tidlig mandag morgen, den 30. september. Tilbake i Norge kom vi alle med litt mere kunnskap og masse mere opplevelser fra et land som skatter sin originalitet og kultur betydelig høyere enn Norge.

### **Fakta og politikk rundt setringa i Tyrol: Møte med delstatsregjeringen i Tyrol (fylke)**

Anja Matscher, Johan Jenewein og Godtfried Moosmann

Tolk Kjersti Moe

Seter i Østerrike er definert som beiteområdet som ligger over den fast bebyggelsen hvor det bare drives sommerbeite. Seterdrift kan også være vanlig fjellbeiter uten bygninger og melking. Bare 12% av arealet i Tyrol er egnet til bosetting. Resten er i stor grad fjell med utmarksbeiter. Mye av Tyrol kan sammenlignes med Norge, men klimatisk er det tørrere og utmarka tåler derfor mer beitetrykk og tråkk. De fleste setrene i Østerrike er fellesstøler med 20 – 80 kyr hvor store deler av melka foredles på setra og beitet skjer mye i utmarka. Gjennomsnitts gården i Tyrol er på 85 mål og 143 mål i Østerrike. Antallet kyr er i gjennomsnitt 8 i Tyrol og 10.5 i Østerrike. 80% av gårdsbruka i Tyrol er deltidsbruk. Alle bruka som har inntekt fra gården er med i grunnlaget. 80% av bøndene har dyr på fjellbeiter. 58 % av melkekyrne er i fjellet og 80 % av alle ungdyra. 10 % av all melka som produseres i Tyrol kommer fra setrene. Allerede i 1909 ble det innført regler og beskyttelse av seterdrift. (Økonomisk støtte). I 1921 ble det i Tyrol innført en setervern-lov og et seterregister. Støtteordninger er i stor grad rettet mot infrastruktur og investeringer. 1960 -1970 åra ble det en sterk nedgang i setring. 1977 ble det innført støtteordninger på dyr. Siden da har setring vært stabil. AV de økonomiske virkemidlene retter 19% seg mot markedsordninger, 19% mot distrikt og miljø, 31 % mot landbruk og miljø og #1% mot driftsvansker. Tilskudda fordeler seg på EU-, nasjonal- og regionale ordninger. Områda støtteordningne rettes mot er: seterprodukter, direkte støtte til enkeltbønder, opplæring og kurs, vernefunksjoner på fjellbeiter, infrastruktur til stier og veier, investeringer bygninger, driftsvansker og miljøeffekter.

De 4 funksjoner er: produksjon av melk og kjøtt, økologisk funksjon, biodiversitet, rom for dyr og mennesker, vernefunksjoner mot jorderosjon og snøskred, sosialkulturelle funksjoner, sunnhet, fritid, produkter, kultur.

Markedsføringen dreier seg om opplevelser (reiseliv), merkevare på landbruksprodukta (ost, kjøtt fra ku og svin), «Genussgebiet», skole og sosialt arbeide.

Turismen er stor i Tyrol. 35% av alle overnattinger i Østerrike (totalt 125.171.500) skjer i Tyrol. Man trekker frem landbruket og setrene som den viktigste årsaken til at man har fått til en slik verdiskaping i delstaten Tyrol. Reiselivet er også svært viktig for setrene og gårdene, både for overnatting, men også som arbeidsplass for landbefolkningen. På Møslalm, hvor vi overnattet, utgjør turismen  $\frac{3}{4}$  av omsetningen.

Har Norge noe vi kan lære av Østerrike??

Stein Brubæk





## Leiarens helsing

Så er vi i 2014. Det er 200 år siden vi fikk grunnlova vår. Konstitusjonen.

Det merkelege året 1814, da Napoleons nederlag fikk som uventet følge at Norge vart gitt frå Danmark til erkefienden Sverige.

Engelskmennene hadde i 1807 øydelagt den dansk-norske flåten i København, sjøl om, eller kanskje heller fordi, Danmark ville vera nøytralt. Dermed vart Danskekongen Fredrik VI naturlegvis fly forbandet og støtta Napoleon i krigen. Sverige derimot, som no faktisk

hadde ein av Napoleons generalar som tronarving, kriga mot Napoleon. Sverige hamna på vinnarsida og fekk Norge i vinnarpremie av tapar og gamal fiende Danmark.

At Norge skulle gis til det land som i hundrevis av år hadde vore det mest fiendtlige mot oss, var meir enn det vi kunne godta. Norge avviste Kielerfredsavtalen. Vi klarte på sett og vis å nytte dette uventa høvet til å bryte oss laus, skrive ein konstitusjon og styre oss sjøl, med ein dansk prins som Norsk konge. Det siste måtte vi gi oss på. Men vi var såpass krigerske og gjorde såpass motstand i kampane mot svenskane, at franske Jean Baptiste Bernadotte, tronarving i Sverige og frå 1818 svenskekong Carl Johan, fant det best å jenke seg noko. Dermed fekk vi behalde grunnlova og stort sett indre sjølstyre. Grunnlaget for stadig meire sjølstyre var lagt.

(Akk ja sann,-Det hadde vore ønskelig om vi hadde vore like krigerske og standhaftige i dag i kampen mot overformynderiet i EØS og EU.)

Men i åra 1807-1813 var vi ikkje uheldige berre med krig og blokkade av handelsvegar. Vi var uheldige med klima samtidig. Det var uår fleire år på rad. Desse uheldige forholda førte til stor matmangel. I innlandet var det så ille at ein god del svalt i hel. Det var dengongen mindre enn ein million menneske i landet. Fleire kunne vi ikkje fø utan motorar og fossilt drivstoff. Fleire kan vi ikkje fø i dag heller, utan motorar og drivstoff.

I 1940- 1945 derimot, var vi slett ikkje standhaftige, men heldige med maten. På grunn av ein utruleg naiv politikk, og ein tafatt og forvirra respons i 1940 lykkast det 9000 sjøsjuke tyskarar utan tungt materiell å i løpet av ein dag å sette seg fast i landet. Noko til kontrast til Finland, som heldt nesten ein halv million tungt vepna russarar stangen i flatt lett landskap i seks månader. Fordi i Finland rådde realisme og viljestyrke.

Det mangla vi, men denne gongen hadde vi flaks med matforsyninga. Hesten var enno mest bruka, og på sjøen kom mange gamle segelbåtar i bruk i lag med motordrevne fartøy. Landbruksbefolkning og tal på gardsbruk var på topp. Norge fødte da sitt eget folk, pluss tyskarane som var her til lands og til og med noko fiskeeksport til Tyskland. Ein utruleg høg sjøbergingsgrad, og den var reell. Politiske triks for å få sjølforsyninga til å sjå bedre ut, nytta lite den gongen. Så når det gjaldt matproduksjon var vi godt rusta. Men ironisk nok tilfeldig, utan å ha lagt til rette for det.

Korleis er det i dag, i 2014? Har vi nokon gjennomtenkt beredskap for å møte følgene av uventa eller ikkje så uventa situasjonar. Uår. Krig og pestillens.

Nei i 2014 er vi i verste fall verre stilt enn nokon gong. Norsk politikk må vera beviset på at erfaring er den evne folk har til å gjenkjennje ein feil når dei gjer den på nytt.

For sjå på stoda:

Landets hovedkornlager skal selgast og truleg rivast, det skal leggest til rette så gardane best kan selgast til jakt og spas, i staden for matnyttig bruk. Stadig billigare må det vera, så maten skal vi importere. Ikkje berre mat heller, nesten all verksemd ellers vert i aukande tempo flagga ut av landet. Vi disponerer eit svært stort geografisk område og store ressursar, og er eit rikt land. I denne situasjonen har vi lagt ned forsvaret, og er slik sett verre stilt enn i 1940. Verdast fremste velferdsstat har i praksis opna grensene og importerer billig arbeidskraft og eksporterer velferdspengar snart fortare enn oljepengane kjem inn. Vi bryr oss lite om at ingen nasjon kan bestå særleg lenge hvis den ikkje klarar å reprodusere sin eigen arbeidskraft.

Da hjelper det lite med grunnlov. Så ein kan lure,-skjønar vi kva vi feirar? Grunnlova som del av grunnlaget å kunne vera ein sjølstendig nasjon.

Hadde gubbane på Eidsvoll i hungersåret 1814 vist korleis vi 200 år seinare skulle handsome arven etter deira strev hadde dei knappt trudd det:

Ei krakilsk kjerring til landbruk og matminister. Ei som er så rangsnudd at ho berre seier klippe,klippe. Kjerringa mot drømmen. Mot drømmen i landbruket. Ho vil klippe, klippe. Eit samla landbruk kan dukke ho ned i ein djup flom av fakta og følger. Ho stikk berre opp handa og viser klippe, klippe. Klippe vekkt alt ho kan av landbruk og norsk matsuverenitet. Det er som klipt ut av eventyret, og rett inn i marerittet.

Men så spørst det korleis dette går... Troll er visstnok redd kristenmanns blod, så kanskje KrF kan skreme ho unna dei verste syndefalla.?

Og med sola sprekk Trolla. Venstre som oppgåande sol?? Tja, Venstres siste landbruksminister Sponheim var rettnok meir som ein dyster solnedgang, og ikkje vart det høne på kvar mann heller...avkvinnfolkinga av bygdene skaut vel heller fart.

Men det var dengongen. No, derimot, med fiskarkyndige, er det von i hangande snøre.

Om Bonde og Småbrukarlaget skal eg seie lite. Rett no går det bedre, - ei stund. Erna og Sylvieffekten vil gi både oss og Bondelaget ein oppsving. Men talet bønder vil gå ned, særleg med Erna og Sylvi, og så vil medlemsgrunnlaget for bondeorganisasjonane.

Men vi får stå på så lenge vi kan, som vanleg.

Og no i nøden kanskje synge; Gud signe vårt dyre fedreland, og lat det som hagen bløma, mens vi held fram den stadige strid med å sikre at den gode sæd ein gong vert mogen, her i dette underlege tafatte landet som snublar seg uforberedd og overraska fram igjennom soga.

Vår kjære gamle nasjon som feirer sin enno unge konstitusjon.

Øystein Sulebak Ormbostad

Fylkesleiar MRBS

## EPILOG etter fylkesleiar møte 7 nov.2013

Fylkeslaga i R,H,SF ,MR,ST ,NT og T hadde to forslag dei ville ha tatt opp på repr.møte,event. på Fylkesleiar møte den 6- 7 nov.

Vedtak 1. var reversering av vedtaket om sovande lokallag, og nr. 2 var ei åtvaring om at stoda kan bli verre og at det bør tenkast vidare og utredast fleire måtar å møte problema på.

Her skulle det vore presisert at dette gjeld ikkje berre sovande lokallag isolert,( som det truleg vart oppfatta som)men heile framtid utviklinga og korleis vi skal få gehør for vår politikk. Opprinnelig var ikkje denne saka med sovande lag og refusjon det heilt store , men det var mange som var sterkt misnøgde pga. den økonomiske belastning dette er for veike fylkeslag, og det var høglytte krav om at dette måtte takast opp. Og det er sant, dei økonomiske problema nett no er viktige og alvorlege nok, men eg ser også at situasjonen kan bli verre og svært vanskelig for mange på litt lengre sikt, hvis vi slår oss til ro med dagens virkemiddel for å halde aktivitet og medlemstall oppe. Eg skjønner at for mange andre fylkeslag er dette ikkje ein prekær situasjon i dag, men med M&R som døme, tenke eg å vekke forsamlinga til å skjønne at det *kan* skje at utviklinga vil gå i feil retning for fleire enn M&R. Ja kanskje også for NBS.

Derfor var tanken , at ved å rykke tilbake til start ved å først reversere vedtaket om å halde tilbake refusjon for sovande lag, ville *alle* bli nøyd til å tenke igjennom fleire tiltak og framtida på nytt . Det var essensen i forslag nr. 2. Forslag 1. ville da vera pådrivar for å følge opp vedtak 2.

Dette var litt for dårleg forklart frå mi side. Å bruke M&R som døme på ein tung situasjon og dermed kva som kanskje kan skje også med andre, vekke i allefall ikkje uro for eigen framtidig situasjon hos nokon andre, såg det ut for.

Denne ,kanskje for lite grunngeve grunngeve saka, var oversendt ordstyraren i NBS i god tid, med oppmoding frå oss 7 fylkeslaga om at den måtte på saklista. Den var likevel ikkje på saklista på anna vis enn at tema sovande lag skulle diskuterast. Det var nok uheldig.

Det vart derfor slik at eg, som skivar for dette prosjektet, sjølf måtte dele ut forslaga til vedtak, og grunngevinga på fylkesleiar møtet.

Debatten var dermed noko kaotisk, da mange tydeligvis var ukjente med problemstillinga det var meint å sette fokus på. Det var som vanlig lita tid til å forklare . Det var i sær på slutten av debatten tydelig at det egentlige problem og poeng var gått hus fordi hos dei fleste.Heilt tøvete vert det viss nokon trur dette dreier seg om å tjena pengar på NBS. Det er derimot nødvendig å ha pengar for å kunne driva lagsarbeid på ein brukbar måte. Drift basert på dugnadsarbeid pluss delvis privat finansiering snevrar inn talet på potensielle tillitsvalgte, og gjer kontrasten på dette område mellom oss Bondelaget enda meire markant. Dette trur eg dei fleste skjønner.

Eg ville gjerne at forslag nr. 2 skulle vera det første steg i retning filosofering a la Mao " la de 100 blomstrar blomstre" , som det kan høve for oss Listhaug-kommunister... Det tankeverksemda skulle dreie seg om, var: ka gjer vi, hvis medlemstalet søkk og den økonomiske situasjonen vert verre, *til tross for* stadig auka innsats for medlemsverving og vedtak om pisk og ris bak speilet for fylkeslaga. Finns det andre tiltak og fleire måtar enn dei som er sett i verk?

Dette er etter mi meining ikkje negativ pessimisme, men beredskapstenking. Å prøve å sjå for seg forskjellige scenarier framover og høvelege tiltak deretter, er rekna som viktig i dei fleste andre samfunnssektorer.

Eg ser det slik; Det kan ikkje vera heilt usannsynlig at nedlegginga av gardsbruk held fram. Sjølv om det skulle skje at V og Krf og andre vil bremse det dei kan, så har regjeringa eit såpass handlingsrom at nedlegginga kanskje aukar framover. Da er det også slik, at det er ikkje usannsynlig at grunnlaget for medlemmer til NBS også går ned enda meir. Det vil truleg vera ein "skremsel og støtte-effekt" i Sylvi Listhaug, som vil gi både Bondelaget og oss fleire medlemmer i første omgang. Men... vil det halde seg i årevis framover, og vil det vege opp for nedgangen som kan ventes i takt med minkande tal på aktive bønder? ?

Vi ser at NBS slit allerede, det legges fram underskotsbudsjett osv. Vi håper alle at utviklinga skal snu, og at vervekampanjer og auka fokus på landbruk skal berge medlemstall og økonomi i NBS. Men er det fornuftig å avvise tanken på at det *kan* bli verre. Er det fornuftig å avvise oppmodingar om å tenke over ka vi da kan gjera?

Eg mener altså at situasjonen kanskje kan vera litt meire alvorleg enn det den ser ut for NBS og dei bedre stilte laga, og at dagens medisin, som har god virkning, likevel kan vera utilstrekkelig og ha uheldige bivirkningar på litt lengre sikt. Eg tenkte at eit vedtak om at alle burde fundere litt på dette problemet, ville vera nyttig som kriseberedskap, i den stoda både NBS og landbruket er i idag.

Det er mange ting å ta omsyn til. Eit døme på ei sak oppi dette som vil påvirke den landbrukspolitiske situasjonen er naturlegvis ny regjering med dei BlåBlå. Dette har sett bondelaget i ein skvis. Dei har på si høgare fløy nokre "superstore" produsentar som vil bli enda større. Dei vil ha frislepp og trur H-Frp sin politikk vil gje dei ei lys framtid. Dei vil protestere kraftig når bondelaget går til kamp mot politikken til Erna og Sylvi. Men 90 % av bondelaget sine medlemmer vil ha heilt andre interesser enn supergutta. Må Bjørke for å hindre fråfall i denne situasjon gje H-bøndene nokre kjøttbein i form av innrømmelser?? Ka skjer hvis han gjer det?- Ka skjer hvis han ikkje gjer det? Sprekker landbruket? Ka vil utviklinga kunne bety for oss? Det er mange forhold som må takast med i totalbildet. Derfor, tenk,- tenk vidare, tenk lenger!

No vart det i møtet etterkvart tydelig at dette budskapet ikkje vart forstått, og eg såg tidleg at kanskje begge forslaga kunne bli nedstemt. Alternativet vart da som ei nødløysing å laga såpass leven og hallo i at dei frammøtte vil minnast denne saka. Når eg da no i tillegg serverer problemet med teskje slik eg meinte å få det fram, vil dokker kanskje etterkvart begynne å fundere litt over framtida sjølve. Da er hensikten oppnådd.

Ellers så fekk vi ei grei avklaring på ein del av spørsmåla der og da frå den gode mann Olaf Godli;

Vi har arbeid og tenkt for lite. Fylkeslaga er sjølstendige lag og må sjølv på eige grunnlag tenke ut sine eigne løysingar. Fylkeslaga står fritt til eventuelt å sørge for få lagt ned heildaude lokallag, slå saman halvdaude lokallag, samle medlemmer i direkte-medlemskap osv.osb., der gjenoppliving ikkje nyttar. Eventuelle vedtektsendringar som dermed måtte bli nødvendige blir det råd å få til. Eg reknar med at det same gjeld for fylkeslag, dei kan bestemme seg for å redusere eller legge ned verksemda eller slå seg saman med andre osv. om situasjonen skulle gå frå vondt til verre, og ingen andre løysingar er i sikte. Dette går for så vidt fram av mønsterlovene, men greit å få det stadfesta.

Vi må tenke meir og finne løysingar sjølv. Det er grei melding. Takk for det. Eg er for lokaldemokrati.

Mvh

Øystein S. Ormbostad, M& R.

	<b>Regnskap 2013</b>			
<b>Nr</b>	<b>Kontonavn</b>	<b>Regnskap i år</b>		<b>Regnskap i fjor</b>
	Salgs- og driftsinntekt			
3400	Kontingent	158 095		160 521
3900	Inntekt årsmøte	8 000		16 000
3990	Annen inntekt	35 650		5 225
	Salgsinntekter	201 745		181 746
	Lønnskostnader			
5000	Lønn	109 334		103 669
5090	Avsatte feriepenger	0		6 720
5400	Arb.g.avg.	11 589		11 548
5101	Avg. Av avsatte f.penger	0		152
5800	Ref. sykepenger	-2206		0
	Lønnskostnader	118 717		122 089
	Driftskostnader			
6300	Leie lokale	6 000		0
6800	Kontorrekvisita	1 104		9 961
6840	Aviser, tidsskrifter	10 839		8 919
6860	Årsmøte, styremøter	40 318		22 658
6900	Telefon	5 466		1506
6940	Porto	0		5 665
	Driftskostnader	63 727		48 709

	Andre driftskostnader			
7020	Studietur	174		
7140	Reisekostnader	12 381		15 084
7120	Passasjertillegg	0		1032
8170	Finanskostnad	89		1347
7790	Annen kostnad	3 052		
	Andre driftskostnader	15 696		17 463
8050	Renteinntekt	228		106
	<b>Resultat</b>	3 833		-6 409

	<b>Balanse 2013</b>					
Nr.	Kontonavn		Regnskap i år		Regnskap i fjor	
	Eiendeler					
1390	Andre fordringer		17 900		4 800	Note 1
1900	Kasse		1 253		1 253	
1920	Bankinnskudd		41 690		5 908	
1940	Bankinnskudd		67		68	
1950	Bankinnskudd for skatt		2 319		5 657	
	<b>Sum Eiendeler</b>		63 229		17 686	

	Egenkapital og Gjeld					
2050	Annen egenkapital		10 563		19 132	
2400	Leverandørgjeld		4 244		0	Note 2
2600	Forskuddstrekk		33 000		3 390	
2770	Skyldig arb.g.avg.		11 589		1 572	
8080	Udisponert resultat		3 833		-6 409	
	<b>Sum Egenkapital og gjeld</b>		63 229		17 685	

<b>Noter til regnskapet</b>				
Note 1				
1390	Fordringer	Ingvild Hansen Nystad, vedr skattetrekk i 2012		4800,24
		Felleskjøpet, annonse		1700,00
		Tine, annonse		1700,00
		Gjensidige, annonse		1700,00
		Møtetilskudd NBS		8000,00
		Sum		17900,24
Note 2				
2400	Leverandørgjeld	Stein Brubæk		4244,00

Note 3	Note 3			
	Vi gjer merksam på at fylkesstyremedlemm ane og fylkesleiar (etter eige initiativ) har til gode både godtgjering for møte, reiser og arbeid for å få rekneskapen 2013 til å gå opp:			
	Møtegodtgjering:		(27 stk a 500,-),-	13500
	Arbgavg:			1431
	Godtgjering, fylkesleiar:			20000
	Arbgavg:			2120
	Reisegodtgjering:			15000
	<b>Sum godtgjering til gode:</b>			<b>52051</b>



# Møre og Romsdal Bonde og Småbrukarlag

## adresseliste

AURE BS Øystein Ormbostad oeorm@online.no

SYKKYLVEN BS Terje Haugseth

AVERØY BS Arvid Andresen arvid.andresen@hotmail.com

FREI BS Jorunn Kvernen jorunn@nnc.no

FRÆNA BS Bent K Moen bekomoen@frisurf.no

GJEMNES/TINGVOLL BS Eli Sæther pesetra@gmail.com

HALSA BS Lars Olav tunvals@gmail.com

NESSET BS Sonja Svensli Bersås sonja@nessetbanken.no

NORDDAL BS Marit Rønneberg mhr@mimer.no

RINDAL/SURNADAL BS Asbjørn Holte asbholte@svorka.net

SMØLA BS Asbjørg Kanestrøm ekane@online.no

SUNNDAL BS Leif danielsen leifdanielsen@live.no

ULSTEIN/HAREID/HERØY/SANDE BS Gunmar Grimstad  
gunmar@mimer.no

VANYLVEN BS Gudveig Berge 2g.berge@gmail.com

VOLDA/ØRSTA BS Margreta Aklestad margreta.aklestad@gmail.com

STRANDA BS Kontaktperson: Magnar Furset



! Ring oss på **03100**, eller snakk med din forsikringsrådgiver

## Det skal ikke skje ulykker på min gård!

### Skadeforebyggende tiltak er viktig!

Fortsatt har vi svært mange branner i driftsbygninger i landbruket i Norge.

70 % av brannene skyldes feil på elektrisk anlegg eller feil ved bruken av elektrisk utstyr.

Sørg for at det elektriske anlegget på gården din er i orden. Sørg for å ha avtale om elkontroll med termografering – da får du betydelig rabatt på forsikringene også.



Gjensidige

